

## Covid-19-utbrot ved Havyard skipsverft, Hyllestad kommune, september-oktober 2020

Rapport utarbeida av

Folkehelseinstituttet  
Kommuneoverlege i Hyllestad kommune

15.10.20. Revidert med komplett data 13.12.20



Brakkerigg Roligheten, ein av stadene kor gjestearbeidarar med påvist Covid-19 vart isolert ved Havyard Skipsverft, Hyllestad.

## Innhald

Samandrag.....	2
Bakgrunn .....	2
Oversikt over hendinga .....	3
Tiltak iverksett i kommunen.....	4
Epidemiologisk framstilling av innsamlende data.....	4
Resultat/Funn/Forklaringar.....	6
Utfordringar rundt kommunikasjon .....	6
Kommunikasjon med gjestearbeidarar .....	6
Intra- og inter-kommunalt samarbeid.....	7
Manglande systematisk datainnsamling .....	7
Lokal tilpassing av koronarettleiaren .....	7
Konklusjon og læringspunkt .....	7
Anbefalingar .....	7
Mediedekning.....	8
Kjelder .....	9

## Samandrag

Denne rapporten ser nærare på covid-19-utbrotet som skjedde ved skipsverftet Havyard i Hyllestad kommune frå slutten av september 2020. Alle som fekk påvist smitte var tilsett ved verftet, med unntak av to personar som var nærkontaktar av ein verftstilsett. Det vart til saman registrert 94 tilfelle under heile utbrotet.

Det vart tydeleg under og i etterkant av utbrotet at det var krevjande for ein liten kommune å handtere eit så stort utbrot med ein stor gjestepopulasjon. Denne rapporten viser til sentrale læringspunkt, som kan vera nyttige også for andre små kommunar med ein stor gjestepopulasjon.

## Bakgrunn

Det nye koronaviruset var fyrst oppdaga i Kina, og har sidan spreidd seg til heile verda. SARS-CoV-2 er viruset som fører til covid-19 . Viruset smittar primært mellom menneske via dråpe og kontaktsmitte. Infeksjonar kan gi milde luftvestsymptom, eller føra til alvorleg sjukdom og i verste fall død (1-3).

Den 30. januar erklærte Verdens helseorganisasjon utbrotet som ei alvorleg hending av betydning for internasjonal folkehelse, og den 12. mars vart det erklært pandemi (4). Det fyrste tilfelle av covid-19 i Noreg vart stadfesta den 23. januar, og vart knytt til smitte i utlandet (5). Det vart innført omfattande tiltak og nedstenging i landet den 12. mars (6).

Hyllestad er ein liten kommune med 1316 innbyggjarar (7). Det er ein barnehage, ein skule og eit legekontor (2,5 legestillingar, inkludert kommuneoverlege) i kommunen. Hjørnesteinsverksemda, skipsverftet Havyard, sysselset til ei kvar tid normalt over 500 personar. Ein stor del av desse kjem som gjestearbeidarar frå Aust-Europa, primært frå Polen, Romania, Litauen og Latvia, land med kjent stigande smittetal frå veke 41 til veke 44 (8). Det er utstrekt bruk av midlertidige tilsetningar gjennom ei rekke underleverandørar. Dette førte til utfordringar rundt kommunikasjon og oppfølging. Dei fleste av gjestearbeidarane bur vanlegvis i ei av dei sju brakkeriggane like ved anleggsområdet.

### Oversikt over hendinga

Den 29. september vart Nasjonalt smittesporingsteam ved Folkehelseinstituttet (FHI) varsle om tre tilfelle av covid-19 i Hyllestad kommune. Alle tre var tilsett ved skipsverftet. To var gjestearbeidarar frå Aust-Europa, og den tredje var permanent busett i kommunen. Ei rekke tiltak vart iverksett, mellom anna midlertidig stenging av verftet, skulen og barnehagen og restriksjonar ift. helse og omsorgstenester, fritidsaktivitetar og turistindustri. Ut ifrå situasjonen og omfanget av utbrotet vart det den 8. oktober avgjort å sende eit feltepidemiologisk team på tre personar ut same dag. Intensjonen vart å gi råd og støtte til involverte aktørar.

Torsdag 8. oktober var FHI informert om at det var registrert 90 tilfelle samt at over 400 personar var definert som nærkontaktar og satt i karantene. Då tilfella i all hovudsak var direkte knytt til verftet, vart alle bebuarar ved dei sju brakkeriggane på eit tidspunkt definert som nærkontaktar og sett i karantene. Det vart i regi av verftet bestemt at alle som budde i ein av brakkeriggane skulle testast, uavhengig om dei hadde symptom eller hadde blitt spora som nærkontakt. FHI vart informert om problem rundt isolasjon og karantenering. Nabokommunane assisterte Hyllestad med å tilby eigna stad for isolasjon og karantene. Havyard chartra også eit fly til Polen, men grunna mange i aktiv isolasjon kunne ikkje fleire enn 38 personar bli med på denne flyginga. Dei som vart med tilbake til Polen var asymptotiske personar i karantene.

Mot slutten av utbrotet vart det totalt registrert 96 tilfelle med covid-19. Av desse var berre tre personar fastbuande i kommunen; ein verftstilsett og to nærkontaktar av vedkomande. Kommuneoverlegen klarte i samarbeid med kommunestyret, verftet, nabokommunar, FHI og konstituert kommuneoverlege å avgrense utbrotet så større delar av lokalsamfunnet ikkje vart ramma.

### Tiltak iverksett i kommunen


I tillegg til standard smitteverntiltak i kommunen, vart det innført restriksjonar på maks tillatne deltakarar på offentlege og private arrangement, besøksrestriksjonar på sjukeheimen og oppmoding om bruk av heimekontor. Skule og barnehage vart stengt i to dagar medan kommunen jobba med å kartlegge omfanget at utbrotet (tilfelle og nærkontaktar). Havyard skipsverft vart stengt f.o.m. onsdag 30. september til og med søndag 19. oktober. Nabokommunar assisterte med å tilby plass på hotell for personar som var sett i karantene (Sundfjord og Bergen) og isolasjon (på Koronahotellet i Bergen), og assisterte med smittesporing (Fjaler). Informasjon til tilsette vart sendt frå verftsleiinga på ulike språk. Fylkeslegen i Vestland fylke vart også involvert, og det vart ytra ynskje om bistand til kommunen.

### Epidemiologisk framstilling av innsamlende data

Kasusdefinisjon: eit tilfelle knytt til aktuelt utbrot vart her definert som ein person som hadde positiv PCR-test på SARS-CoV-19, og var tilsett ved skipsverftet Havyard i perioden 26.september 2020 til 20. oktober 2020.


Det var ulike utfordringar knytt til det å få ein komplett samla oversikt over affiserte i utbrotet, noko som gjorde at det tok tid å få eit komplett og fullstendig bilete av omfang. Det tok også tid før elektroniske meldingar vart sendt frå kommunelegen til MSIS.

Av 94 tilfelle blant verftsarbeidar meldt til kommuneoverlegen, var majoriteten frå Polen, men inkluderte også personar frå Romania, Noreg og andre land. Blant 73 tilfelle hadde 41 (56%) registrert informasjon om symptom og for 32 var informasjon om symptom manglande. 13 (32%) av tilfella hadde symptom og 28 (68%) var asymptomatiske. Alle tilfelle var menn. Snittalderen var 45,2 år. Fordeling per aldersgruppe var slik:



Figur 1: Tilfelle fordelt på aldersgruppe (n=94)

Dato for symptomdebut er ikkje tilgjengeleg. Men figur 2 viser fordeling av tilfelle per prøvetakingsdato.



Figur 2: Tilfelle per prøvedato 26.09.20-19.10.20 blant tilsette ved verftet (n=92\*).

\* To tilfelle er ekskludert i figuren da prøvedato ikkje var oppgitt.

## Resultat, funn og forklaringar

### Utfordringar rundt kommunikasjon

#### Kommunikasjon med gjestearbeidarar

Det var større utfordringar rundt informasjonsflyten til gjestearbeidarane. Det viste seg ved vanskar med å få brakt vidare informasjon til arbeidarane om årsak for testing, behov for karantene og isolasjon, kor lange desse var og kor viktig det var å overhalde dei. Utfordringane var knytt til omfanget av utbrotet, kommunikasjon med personar med anna språk og kultur, og ikkje avklart ansvarsfordeling om oppfølgingsansvar for dei tilsette på verftet. Etter samtalar med nokre tilsette vart det tydeleg at noko av informasjonen ikkje nådde fram, og det var utfordringar med å få stilt spørsmål på eige språk samt avklaring av situasjon. Enkelte mangla også forståing av alvoret ved SARS-CoV-2 smitte, og dei forstod ikkje alltid årsaka for kontrolltiltaka og fylgde dermed ikkje smitteverntiltak. I tillegg til reint språklege utfordringar, vart informasjonsflyten svekka av mange involverte (ei rekke underleverandørar og underleverandørar av underleverandørane, ved verftet).

Halvanna veke ut i utbrotet rekrutterte kommuneoverlegen to polsktalande helsearbeidarar for å betra kommunikasjonen mellom helsetenesta og gjestearbeidarane.

#### Intra- og inter-kommunalt samarbeid

På nokre punkt fungerte ikkje kommunikasjonen mellom nabokommunar og fylkesleiinga optimalt. Dette viste seg til dømes då ei større gruppe personar vart flytta til Bergen i karantene, og smittevernoverlegen i etterkant gav tilbakemelding om å ikkje ha blitt informert om dette før flytting skjedde. Potensielle forklaringar på dette bør diskuteras med kommune- og fylkesleiinga. Konkrete planar for interkommunalt samarbeid og gjennomføring av desse bør vera klart før eit utbrot skjer.

#### Manglande systematisk datainnsamling

Det har vore vanskeleg for kommunen å få ein samla oversikt over situasjonen, noko som førte til at kommunen ikkje har klart å oppretthalde ei systematisk liste over alle isolerte og i karantene. Ei forklaring på dette kan handle om at det mangla ei oppdatert liste over tilsette ved verftet.

Kommunen investerte i det digitale verktøyet for smittesporing; ReMin. Men innføring av data i systemet var utfordrande etterkvart som utbrotet voks, mellom anna sidan det ikkje var etablert og lært opp eit smittesporingsteam i forkant av utbrotet. Mange positive tilfelle, fleire personar i karantene, samt logistikken rundt desse, var krevjande for ei kommune med avgrensa ressursar.

#### Lokal tilpassing av koronarettleiaren

Det vart initiert eit test-regime kor verftet valde å teste alle tilsette (også asymptomatiske) hyppig. Dette var ikkje i trå med gjeldande nasjonale råd på aktuelt tidspunkt. Uklar forståing av koronarettleiaren og manglande oversikt førte til at enkelte arbeidstakarar måtte sitte lengre i karantene enn naudsynt. Saman med kommunikasjonsutfordringane, bidrog det til at samarbeidet med arbeidstakarar vart utfordrande.

#### Konklusjon og læringspunkt

- Under utbrotet i Hyllestad mangla det ein systematisk oversikt over tilfelle og nærkontaktar.
- Mange aktørar, med til dels uavklara ansvarsfordeling, førte til kommunikasjonssvikt og gjorde utbrotshandsaminga vanskelegare.
- Små kommunar med større verksemdar kor dei nyttar seg av gjestearbeidarar er spesielt sårbare under større utbrot på arbeidsstaden.

#### Anbefalingar

- Kommunen må ha utarbeida og oppdaterte planar (beredskapsplan) for samarbeid mellom ulike aktørar i kommunen, mellom kommunar og på regionalt nivå. Desse bør vera klare i forkant av eit utbrot, alternativt så tidleg som mogleg etter utbrotsdebut.

- Alle arbeidsgivarar må til ei kvar tid ha oversikt over sine tilsette, inkludert personar som ikkje er norske statsborgarar.
- Kommunar må ha tilgjengeleg personell med grunnleggande kunnskap om smittesporing og utbrotshandsaming.
- Kommunen må sikre at system for oversikt over innsamla data er på plass.
- Kommunen bør ha oversikt over tilgjengelege ressursar på lokalt, regional og nasjonalt nivå, og ha låg terskel for å bruke desse til rett tid under eit utbrot.

## Mediedekning

<https://www.nrk.no/vestland/24-nye-smitta-i-hyllestad---hoie-far-kritikk-av-kommunelegar-1.15189031>

<https://www.nrk.no/vestland/hyllestad-har-no-100-gonger-over-raudt-smitteniva-1.15186493>

<https://ilaks.no/80-bekreftet-smittet-i-hyllestad-alle-er-arbeidere-ved-havyard-eller-i-naer-relasjon-til-disse/>

<https://e24.no/boers-og-finans/i/mB6GGI/17-coronasmittet-ved-skipsverft-kommunen-griper-inn>

<https://www.porten.no/artiklar/21-smitta-i-hyllestad-19-av-dei-arbeider-pa-havyard/500374>

<https://www.hyllestad.kommune.no/aktuelt/tysdag-kveld-24-nye-koronatilfelle-i-hyllestad.17211.aspx>

<https://www.hyllestad.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/korona-covid-19/>

<https://www.firda.no/seks-nye-koronasmitta-i-hoyanger-dette-er-prisen-vi-betaler-for-a-vere-sa-nar-hyllestad/s/5-15-1079348>

<https://www.firda.no/sender-141-arbeidarar-pa-karantenehotell-rekninga-hamnar-pa-kommunen-sitt-bord/s/5-15-1079077>

<https://www.firda.no/at-utlendingar-gar-rett-i-arbeid-skal-vere-unntaket-ikkje-regelen/s/5-15-1078845>

<https://www.firda.no/stenger-havyard-i-ti-dagar/s/5-15-1079083>

<https://www.firda.no/havyard-arbeidarane-er-pa-plass-og-re-testing-er-i-gang/s/5-15-1078290>

<https://www.firda.no/fylkeslegen-om-smitteutbrotet-pa-havyard-dei-har-ikkje-hatt-kontroll/s/5-15-1079777>

<https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/R9ROxr/slik-hjelper-fhi-smitterammede-hyllestad>

<https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/weP6X4/utbrotet-i-hyllestad-veks-no-blir-smitta-arbeidarar-isolert-i-bergen>



<https://www.bt.no/nyheter/i/2dG8ga/frykt-for-at-brakkelivet-sprer-smitte>

<https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/aP2Xd2/utanlandske-arbeidarar-tok-med-seg-smitten-til-bygda-no-er-kvar-aattan>

## Kjelder

- Møter og samtalar mellom kommunen og FHI i perioden 29.09.2020-01.12.2020, samt besøk i kommunen 8.-11.10-2020
1. Velavan TP, Meyer CG. The COVID-19 epidemic. Trop Med Int Health. 2020;25(3):278-80.
  2. Guo YR, Cao QD, Hong ZS, Tan YY, Chen SD, Jin HJ, et al. The origin, transmission and clinical therapies on coronavirus disease 2019 (COVID-19) outbreak - an update on the status. Mil Med Res. 2020;7(1):11.
  3. Organization WH. Transmission of SARS-CoV-2: implications for infection prevention precautions 2020 [Available from: <https://www.who.int/publications/i/item/modes-of-transmission-of-virus-causing-covid-19-implications-for-ipc-precaution-recommendations>].
  4. Helsenorge. Koronavirus – fakta og håndtering i Norge 2020 [Available from: <https://www.helsenorge.no/koronavirus/fakta-og-handtering-i-norge/>].
  5. Folkehelseinstituttet. Covid-19 Ukerapport: 12 2020 (13.3-19.3). 2020.
  6. Regjeringen.no. Omfattende tiltak for å bekjempe koronaviruset. 2020.
  7. SSB. Kommune Hyllestad (Vestland) Befolkning 2020 [Available from: <https://www.ssb.no/kommunefakta/hyllestad>].
  8. Folkehelseinstituttet. Covid-19 Oppdrag 116 del 3. - uke 43 og 44. 2020.